



Fjord kommune

Fellestenestene

Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal
Postboks 2520

6404 Molde

Vår ref.

21/211/FA-L34/ALOU/41867822

Dykkar ref.

Dato:

15.02.2024

Melding om vedtak - Grensejustering Liabygda

Kommunestyret - 008/24, 08.02.2024:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Fjord kommune stiller seg positiv til ei grensejustering der Liabygda vert ein del av Fjord kommune.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringane ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden å oppgje når denne klagen kom fram.

Med helsing

Alexander Oudijk
konsulent

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Kopi til:

Stranda Kommune

Øyna 13

6200

Stranda



Saksframlegg

Grensejustering Liabygda

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
008/24	Kommunestyret	08.02.2024

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
30.01.2024	Søknad om utgreiing av grensejustering mellom Fjord og Stranda kommuner	1430810
30.01.2024	Søknad om utgreiing av grensejustering mellom Fjord og Stranda kommuner	1430811
30.01.2024	Søknad om grensejustering Liabygda	1430812

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune stiller seg positiv til ei grensejustering der Liabygda vert ein del av Fjord kommune.

Kommunestyret 08.02.2024:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

KS- 008/24 Vedtak:

Fjord kommune stiller seg positiv til ei grensejustering der Liabygda vert ein del av Fjord kommune.

Sakgrunnlag:

Statsforvaltaren har motteke søknad om utgreiing etter inndelingslova frå innbyggjarar i Liabygda, Stranda kommune.

Søknaden gjeld ei grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune. Ein innbyggjar har etter inndelingslova § 8 initiativrett til å søke om at det blir sett i gong ei utgreiing av grensejustering. Søknad om dette skal vere skriftleg, grunngjeve og innehalde forslag til nye grenser. Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren i det området saka gjeld. Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) avgjer om det skal settast i gong utgreiing på grunnlag av initiativ etter inndelingslova § 8. Som ein del av saksførebuinga skal Statsforvaltaren sende søknaden og ei tilråding

i saka til KDD. I samband med dette ber Statsforvaltaren kommunane Fjord og Stranda om ei uttale til søknaden.

Saksopplysningar:

21. desember 2023 sende Liabygda Vel inn søknad om at Liabygda etter ei utgreiing vert overført til Fjord kommune. Liabygda Vel har i eige dokument peika på kvifor ein ynskjer dette og viser og til ei underskriftsliste med 110 underskrifter. Søknad blei sendt til Statsforvaltaren men Fjord kommune blei ved ein inkurie ikkje informert. Saka vert difor tatt direkte i kommunestyret for å rekke fristen som Statsforvaltaren har justert til 1. mars.

Saksvurdering og konklusjon:

Slik kommunedirektøren ser det høyrer Liabygda geografisk naturleg til Fjord kommune der bygda ligg mellom Stordal og Valldal. Det er også kortare og ferjefri reiseveg til alle tenester i nye Fjord kommune. Ein vil også peike på innbyggjarinitiativet frå 2023 vert peika på at: "Liabygda ligg landfast med Fjord kommune, og har sterke band knytt til lag og organisasjonar i Fjord. Dette gjeld særleg innan idrett, trening, helsebading, pensjonistlag, og innanfor musikk/ folkedans.. Borna i bygda har no avtalefesta plass innan barnehage , barne og ungdomsskule i Valldal. For folket i Liabygda vil ei overflytting til Fjord kommune ha praktiske føremoner ved å ha ei landfast og sikker tilknytning til sitt kommunesenter, barnehage, skule, samt ulike helsetenester. Folkemøte i bygda med stort oppmøte, samt 110 underskrifter, syner at det er stor overvekt av folket vil ha utgreidd spørsmålet om ei grensejustering og ei anna kommunal tilknytning. På folkemøtet kom det fram frå fleire ungdomar kva dei meiner vil vere best for bygda i framtida." og det i tillegg ligg føre 110 underskrifter synes det klart at det er dette innbyggjarane ynskjer.

Konklusjon:

Kommunedirektøren ser utelukkande fordelar ved at Liabygda krins blir ein del av Fjord kommune og vil mellom anna peike på at dette er eit innbyggjarinitiativ der svært mange signaliserer at dei ynskjer ei slik endring.

Bjørn Inge Ruset
kommunedirektør